

## Presidenten har ordet

Ottar Befring er president i Norges Forsvarsforening



# “BUSINESS AS USUAL”!

Det var ei overskift i Aftenposten då kamphandlingane i Georgia var i ferd med å ebbe ut, som sa at den russiske kystvakt sjefen kom på besøk til sin norske kollega. Ja, kan hende skal vi vere takksame for at slik er tilhøve mellom oss og russarane. Vel kan stormakta Russland kome opp i store og små konflikter, men trass i at vi fordømer den russiske maktbruken, kan vi ha eit tilnærma normalt pragmatisk samarbeid om forvaltning, der vi har felles interesser. Det er viktig å halde samtalen i gang, men det er og viktig å markere at samarbeidet blir vanskeliggjort ved den maktbruken som vi var vitne til i Georgia. Det blir nok ikkje siste gong at stormakta Russland brukar militærmakt mot sin naboar og tidlegare sovjetmedlemer. Sovjetunionens oppløysning har gitt oss eit lappeteippe av nasjonar som både internt og seg i mellom har nok konfliktpotensiale for eit heilt århundre. Som medlemmer i NATO kan vi truleg føle oss trygge, men som medlemmer av verdsamfunnet kan vi ikkje berre vere passive vitne til militære overgrep mot forsvarslause folk og land. Vi må halde menneskerettane høgt, og påvirke vår store nabo til å respektere folkeviljen i nabolanda og bygge demokratiet. Som NATO medlem må vi og gjere vårt til at vi ikkje provoserer unødige og pressar stormakta Russland opp i eit håplaut hjørne. Vårt mål må vere å halde samtalen i gang og syte for at diplomatiske kanalar heile tida er eit betre alternativ enn militær maktbruk.

Etter mi meining er vi vitne til ei klassisk stormaktsrivalisering der hovedaktørane så langt er USA og Russland. USA og Vesten søker

innflytelse i dei tidlegare sovjetstatane, og det provoserer Moskva som så tek i bruk alle midler for å vise at dette er deira maktsvære. Intriger, handelshindringar, unødige kontroll, olje og gassforsyning; alle slike tiltak blir brukt for å kontrollere og straffe utbrytarane, og då kan situasjonen fort kome ut av kontroll. Alle randstatane har og sine moskvatru tenarar så den indre spenninga er sterk. Sanneleg er det det ikkje lett å vere russarar heller. Russisk historie og tradisjon er fylt med overgrep og maktbruk og ikkje minst 70 års kommuniststyre er ein tung arv å bere. Då er det ikkje gjort i ei handvending å setje menneskeverd og demokrati i høgsete, og søkje fredelege løysingar på konflikter i nærrområda.

Eg trur ikkje det er ein overhengende fare for at vi blir direkte angripne, men historia har lært oss at skal vi vere trygge, må vi ha eit godt balansert forsvar som er i stand til å ivareta våre intresser. Ikkje minst er det viktig at forsvaret er synleg til stades slik at ingen blir frista til å utnytte militære tomrom. Er vi det i dag? Ja seier forsvarssjefen, og det trur eg på. Men samtidig er det slik at dagens situasjon er historie i morgon, og det er det som er den sikkerheitspolitiske utfordringa. Vi går mot ei tid med sterkare rivalisering mellom stormaktene, og vi har ikkje lov til å sove i timen. I dag er det Vesten og Russland, men alt tyder på at Asia med Kina kjem på banen og kampen om mat, makt og innflytelse kan fort endre den sikkerheitspolitiske situasjonen!

La gå med at forsvaret er betre tilpassa dagens utfordringar, men Hæren er no så krympa at den knapt nok har kapasitet til å stille mannskap til våre internasjonale

oppgåver. Eg gjentar difor igjen at Hæren må tilførast meir ressursar; gjerne i størrelsesorden 2 mobiliseringsbrigader. Det vil gi ein god rekrutteringsbase for utenlandsoperasjonane og høyne vår beredskap heime vesentleg. Samtidig vil vi då få fleire soldatar inn til førstegangsteneste og dermed utnytte verneplikstyrken betre. La meg føye til at desse mobiliseringsbrigadane må øvast ofte, slik at dei raskt kan trenast opp til eit høgare nivå. Så gjentar eg og at Kystvakta ser ut til å vere godt ivaretatt. Sjøforsvaret er under fornying og vil om få år vere topp moderne, men vi etterlysar ei større satsing på ubåt våpenet. Eg har i det siste sett at våre F 16 truleg aldri har vore så oppdaterte med elektronikk, men skroga er blitt gamle.

Når du les dette er forsvarsbudsjettet lagt fram. Det blir spennande å sjå om forventningane som er bygd opp etter den debatten vi hadde i vår blir fylt opp. Skal vi få ei realistisk langtidsplan må ”gapet” mellom vedtatt struktur og budsjett vere tetta ved inngangen til det nye langtidsprogrammet. ”Et forvar til vern om Norges sikkerhet, interesser og verdier” Alt i alt er det mykje positivt å seie om det norske forsvaret! Vi har ei stor oppgåve i å formidle kunnskap om det norske forsvaret og den betydning det har for det norske samfunnet ut til folk. Alt for ofte blir utsegn som ”det nedbygde forsvaret” og ”det avvikla forsvaret”, ståande uimotsagt. Det er med på å svekke forsvarsviljen. Media er heller ikkje særleg opptatt av å forsvarsdebattere. Du kan gjera noko med det ved å hente informasjon frå dette bladet eller frå nettsidene våre, og sende inn lesarinnlegg til di lokalavis. Lukke til!

Ottar Befring